



Naturvernforbundet

Ørsta og Volda

orstavolda@naturvernforbundet.no

Volda, 21.5.2026

NVE

nve@.no

Høyringsfråsegn til sak nr. 202603574

Nye Tussa kraftverk – Felles offentleg høyring – Søknad om anleggskonsesjon og detaljplan for miljø og landskap

Nye Tussa kraftverk – innleiande merknad

Naturvernforbundet ser prinsipielt positivt på at eldre kraftverk vert rusta opp og modernisert. Det er ofte tiltak som krev mindre arealinngrep enn om det må byggjast nye kraftverk for å få same energigevinsten. I dette tilfellet gjeld saka eit nytt kraftverk som ikkje har nemnande auke i produksjon, men ei oppgradering til effekt-kraftverk. Det bidreg altså ikkje til auka straumproduksjon, men har «systemtekniske føremoner» med å gi auka fleksibilitet i kraftsystemet. Og det gjev auka inntekter til utbyggar.

Vi er usikre på korleis samfunnsnyttan vil verte vurdert i denne typen oppgraderingsprosjekt sett i høve til prosjekt som også gir produksjonsauke. Uansett perspektiv kan Nye Tussa kraftverk vere eit godt tiltak, føresett at utbygginga vert gjennomført på ein skånsam måte som tek tilstrekkelege omsyn til miljø og landskap.

Naturvernforbundet er svært overraska over NVE sitt vedtak datert 13.06.2025 om at Nye Tussa kraftverk ikkje treng ny konsesjon, men kan byggast med heimel i gjeldande konsesjon frå 1957. Det inneber at mulegheita til å fastsette «moderne» konsesjonsvilkår med dei krav og omsyn som vår tid normalt krev er tapt, i staden vil ein om lag 70 år gamal konsesjon vere gjeldande.

Som ein organisasjon av friviljuge har Naturvernforbundet sitt lokallag begrensa kapasitet. Nokre saker går oss forbi. Vi sende ikkje fråsegn til Tussa sin søknad om konsesjonsfritak. Med revisjonssaka i Åmela i friskt minne, der kravet om minstevassføring vart avslått i alle fire vassdraga, ser vi at vi m.a. burde argumentert for ei betre framtid for Tyssa si lange anadrome strekning. Vi tek vedtaket til vitande, og ser fram til ei revisjonssak når den tid kjem.

Vi vil også peike på at NVE i si handsaming av konsesjonsspørsmålet ikkje har teke stilling til andre spørsmål, slik som vilkår og krav til utforming av anlegget eller til gjennomføring av anleggsarbeida. Slike spørsmål må altså vurderast og fastsettast i detaljplanen og ev. ved kommunen si handsaming av dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel.

1. Landskapsrommet

Inste del av Hjørundfjorden, Storfjorden, har preg av eit særprega, lukka landskapsrom. Det er svært viktig i lokal samanheng, men vi meiner at området også er av regional og nasjonal verdi. Det har nokre av dei same kvalitetane som Flåm, Nærøyfjorden og Geiranger, men utan støyen frå tung turisme.

Landskapsrommet inst i Hjørundfjorden er innramma av Jakta, Risenosa, Kårdalstindane, Storhornet og Kjerringøyra. Det renn som oftast ein dekorativ restvasstreng i Tyssefossen. Kvamsetelva og Sæترفossen lever, og Vikeelva er ei av lakseelvane som har klart seg best i fylket.

I dette landskapsrommet er det også naturinngrep, men dei fleste har vore små og skånsame. Grendelag og næringsaktørar har vore medvitne om dei unike kvalitetane, og vil ta vare på dei. Det vert satsa på naturbasert småskalaturisme og landbruk, kulturformidling og friluftsliv.

Statusen som eitt av fire UKL-område i Møre og Romsdal forpliktar, og er ikkje avgrensa til tiltak i landbruket. Statusen, og gjennom den også tilskota, er også knytt til det unike landskapet. Til utnyttinga av naturen frå fjord til snaufjell. «Formålet med tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap er å bidra til å sikre verdier knyttet til landskap, biologisk mangfold, kulturminner og kulturmiljøer, herunder sikre langsiktig skjøtsel og drift.» (Sitat frå §1 i forskrift).


I Norconsult si vurdering opp mot *Naturmangfaldslova*, i kapittel 4.3., manglar fullstendig ei utgreiing av landskapsverknadane, både nær- og fjernverknader. Det manglar også ei vurdering av den samla verknaden for landskapsverdiane i området. I *Naturmangfaldslova* § 3. i. vert naturmangfald definert som «biologisk mangfold, landskapsmessig mangfold og geologisk mangfold, som ikke i det alt vesentlige er et resultat av menneskers påvirkning.»

Kartlegginga i Norconsult sin rapport er avgrensa til artar og naturtypar, og manglar difor vesentlege perspektiv som skal telje med når det skal gjerast store naturinngrep – slik tilfellet er i denne utbyggingssaka.

2. Vegen til inntaket

Vi må minne om at NVE i si sak om konsesjonsfritak ikkje har teke stilling til spørsmålet om det skal opnast for å bygge veg til Tyssevatnet. Søkningen er såleis mangelfull då alternative løysingar ikkje er vurdert. Verknadane av ein veg er heller ikkje vurdert verken i høve landskapet eller korleis den vil påverke bruk og oppleving av Tyssedalen. Det går heller ikkje fram om vegen er tenkt å vere stengd for grunneigarar eller allmenn bruk.

Behovet for ein ny og permanent veg til inntaket er omtalt i Detaljplan for miljø og landskap 3.1.4. Men vi saknar visualisering og modellering av korleis den nye vegen og riggområda R2 og særleg R3 vil framstå i det bratte terrenget. Både utbetringa av den gamle vegen og den nye vegen fram mot tenkt tunellinnslag vil føre til store skjeringar og fyllingar. Særleg gjeld det dei eksponerte svingane øvst oppe mot Bjørkeberget. I dette terrenget trur vi ikkje dei avbøtande tiltaka som er nemnde i kap. 3.3. vil strekke til. Vegen vert så eksponert at han vil framstå som ei varig endring av landskapet.



Bilde teke frå Berteldalen som viser omtrentleg aktuelt område for ny veg og riggområde som er planlagt i lia/fjellsida.

Det finst mange døme på at både utbygging og tilsyn og drift av eit inntak i høgfjellet kan gjerast utan køyreveg. Sjå til dømes Tafjord Kraft sitt inntak i Veltdalen. Tilkomsstvegen vil heller ikkje vere tilgjengeleg for driftsbehov om vinteren. Vi meiner difor at bruk av helikopter i staden for bygging av tilkomstveg er det klart beste alternativet av omsyn til miljø og landskap, og bør vurderast som ei alternativ løysing for tilkomst. I anleggsfasen vil bruk av luftvegen truleg koste meir, men på lang sikt vil ein veg koste vedlikehald, og ikkje minst verke svært negativt for naturmangfald og for det enkle friluftslivet. I ei utbygging til meir enn 1,5 mrd. vil neppe skilnaden i kostnad vere avgjerande. Ein veg til fjells skuvar fjellet framfor seg.

Dersom det likevel vert opna for bygging av vegtilkomst, må tunnelen bli lenger og vegen i dagen kortare enn i skissene i saksdokumenta. Vi meiner det må vere mogleg å unngå sprenging og stygge skjeringar i dei brattaste partia. Løysinga her må vere å legge tunellinnslaget lenger nede, frå svingen ved kote 250 der riggområde R2 ligg. Det er mange måtar å legge tunelltraseen på som vil gje tilstrekkeleg lengde for å oppnå tilfredsstillande stigning.

3. Ny kraftlinje og ny trafostasjon

Traseen for den nye 132 kV-linja frå Bjørke til Haugen i Ørsta – og ny trafostasjon på Bjørke - er ikkje ein del av denne høyringa. Dette er eit eige prosjekt i regi av Linja/Norconsult. Planlagd tidslinje her er høyringsrunde i 2027 og NVE-vedtak vinteren 2027/28. Samstundes ser vi at det i anleggsøknaden frå Tussa til det nye kraftverket er planlagt plassering både av mellombels og permanent transformatorstasjon.

Vi saknar ein grundigare drøfting av samanhengen mellom desse to prosjekta. Det trengst for at vi som høyringspart kan gjere gode vurderingar av natur- og miljøpåverknader ved ulike alternativ. Vi er m.a. opptekne av om Tussa sitt framlegg til plassering av nytt kraftverk med tilhøyrande kablar legg føringar for endeleg val av fjordkryssinga. Her ligg det føre tre-fire alternativ – som ikkje skal bestemast før i 2027/28.

4. Kartlegging

Norconsult si naturkartlegging i tiltaksområdet er som forventa: «Det ble ikke påvist arter som er truet (kritisk truet (CR), sterkt truet (EN) eller sårbar (VU)) i denne kartleggingen.» (sitat frå 3.2.3.). Dette er eit svar på det spørsmålet tiltakshavar er pålagt å stille, og i tråd med gjeldande metodikk. Men det seier ingen ting om heilskapen i landskapet, og om verdien av alle artane som (enno) ikkje er på raudlista. Desse artane av frodig lauvskog, flora og fauna er grunnlaget for opplevingsverdiane og naturmangfaldet mellom fjorden og snaufjellet.

Det er ikkje omtalt kva artsgrupper som har blitt ettersøkt. Det vert sagt at det ikkje er funne raudlisteartar, men er sopp, lav og mosar undersøkt? Kva er potensialvurderinga og usikkerheitsvurderinga for raudlisteartar?

Vi meiner naturkartlegginga også burde skildre kva naturtypar som er i området, ikkje berre det som ikkje er funne. Når ein ikkje veit kva som faktisk er av naturtypar og artsmangfald i området og kva verdi dei har i ein regional eller lokal samanheng, vanskeleggjer det ei god lokal naturforvaltning.

Dersom det hadde vore gjennomført ein KU, ville ei vurdering av påverknad på fugl innanfor ein rimeleg radius vore inkludert. Dette må også utgreiast.

Vi kan heller ikkje sjå at bit- for bit-nedbygging av kvardagsnatur er vurdert.

Om kartlegginga skriv Norconsult (kap. 2 Metode): «Som følge av årstiden var det ikke mulig å gjennomføre en optimal artskartskartlegging av all vegetasjon». Då er ikkje kartlegginga god nok i eit så stort prosjekt.

I befaringsnotatet pkt. 3.2.7 har Norconsult sagt følgjande: *«Åssiden som er undersøkt har jevnt tilsig av vann fra fjellet over, og vegetasjonen er tilpasset et tilnærmet konstante fuktige forhold. Veiskjæringen som etableres vil forstyrre vannbalansen i åsryggen. Veien vil drenere vannet i arealene som ligger over veien, slik at de blir tørket ut. I tillegg vil veien konsentrere vannet til bekker,*

kulverter og dreneringsrør på nedsiden. Dette fører som regel til at bekker graver seg dypere og lager sår i vegetasjonen. Disse forholdene vil endre artsutvalget og endre artssammensetningen i åsryggen.» (sitat frå kap. 3.2.7. i befaringsnotat)

Dette synest ikkje vere vektlagt, men stadfestar at konsekvensane ved vegbygging er store for naturverdiane i dette området i tillegg til verknadane for landskapet.

På bilde fig 3.10 i er det vist eit restriksjonsområde knytt til registrert lokalitet av flaummarksskog. Restriksjonsområdet omfattar arealet som er knytt til den registrerte naturtypen, men skal dette gje god mening må ein også ivareta eit noko større naturleg tilhøyrande område, og ikkje minst sikre at ikkje vegbygging eller andre tiltak ovanfor øydelegg det naturlege tilsiget av vatn som lokaliteten er avhengig av.

I pkt 3.1.3 i befaringsrapporten om «*Økologiske funksjonsområder og landskapsøkologi*» står også: «*Løvskogen i området ligger skjermet og har lite trafikk. Ruge, bekkasiner er eksempler på arter som under trekk raster og overnatter i denne skogen. Hjort trekker gjennom området på vei til og fra ulike oppholdsplasser og beitearealer i dalen og åsen opp mot Bjørkeberget. Bunnvegetasjonen er mosekledd blokkmark som gir opphav til betydelige arealer med gode leveområder for smågnagere. Insektfaunaen er dårlige undersøkt.*» Vi meiner dette må sjåast i samanheng med den registrerte flaummarksskogen, og verte omfatta av naudsynte omsyn til å ivareta den økologiske funksjonen som er omtala.

Vi kan ikkje sjå at det nokon stad i søknadsdokumenta er gjennomført ei vurdering etter NML §§ 8-12.

5. Andre arealinngrep

Fig. 3.9 og 3.10 i *Detaljplan for natur og landskap* viser området nær Tyssefossen og nær den gamle tingstova frå 1600-talet. Her er vi inne i eit kulturlandskap. Er det nødvendig med ein midlertidig veg langs elva? Eller kan det vere nok med tilkomst ovanfrå, der det skal vere eit mellomlager av steinmasser (brun strek)? Det bør i alle høve sikrast at det vert reetablert eit naturleg vegetasjonsbelte/kantvegetasjon langs elva.

På biletet fig 3.9., jf. bilde fig 3.10, ser vi at all kantvegetasjon er fjerna langs elva. Dette er i strid med vassressurslova §11.

Kapittel 3.3. beskriv godt korleis terrenginngrep skal setjast i stand. Men retningslinene er generelle, frå læreboka, og må tilpassast det aktuelle terrenget. Særleg gjeld det tilstelling av steinbrotet ved Tyssevatnet.

Naturrestaurering er eit fagfelt, og til dette viktige arbeidet bør Tussa leige inn kompetente fagfolk i gjennomføringsfasen eller sjå til at den utførande har fått tilstrekkeleg informasjon. Det er ikkje nok med ei lærebok i maskinhuset.

Det finst uønska framandartar fleire stader i tiltaksområdet. Norconcult beskriv også her godt korleis desse skal handterast. Men berre der det vil bli inngrep. Dette vert for defensivt. Når maskinane og reiskapen er der, kvifor ikkje yte litt ekstra for å demme opp for at ikkje parkslirekne og andre svartlista artar spreier seg utover på Bjørke?

6. Oppsummert

Naturvernforbundet meiner det er vesentlege manglar ved søknaden. Sjølv om dette er ein detaljplan for miljø og landskap, manglar fullstendig utgreiing av og vurdering av verknadane for landskapet.

Det bør gå tydeleg fram kva landskapsverdiar området har. Vi meiner klart at landskapet i heile Hjørundfjorden, også i Storfjorden og kring Bjørke, er landskap av nasjonal verdi. Dette må reflekterast i konkrete vurderingar av kva verknader som kan tolast, og på kva måte negative verknader kan minimaliserast. Inntrykksstyrken og kvalitetane i fjordlandskapet må tilleggst stor vekt.

Søknaden manglar også ei vurdering av korleis ein veg vil påverke området ved Tyssevatnet sitt landskap og opplevingsverdi. Det er heller ikkje gjort tydeleg greie for korleis vegen skal brukast. Dersom det betyr at vegen berre skal brukast i byggefasen og i naudsynt grad i samband med drift av kraftanlegget, vil det gje minst negativ påverknad av området kring Tyssevatnet. Dette bør det settast vilkår om.

Naturvernforbundet meiner at eit alternativ med bruk av helikoptertransport i utbyggingsfasen er det klart beste av omsyn til miljø, landskap og friluftsliv. Dersom det likevel vert opna for vegtilkomst må tunellpåhogget flyttast lavare ned for å redusere den negative verknaden veg og riggområde i dagen vil ha for landskap og biologisk mangfald.

Vi viser også til merknaden om flaummarkskogen og om «økologisk funksjonsområde» i Flotene og om kantvegetasjon langs Tyssa. Tiltak mot spreining av framandartar bør også ha eit større omfang enn det minimum som er lagt opp til i søknaden. Vi ber NVE vurdere nøye om søkjar må påleggast tilleggsutgreiingar.

Naturmangfaldet må kartleggast betre.

Så langt vi kan sjå manglar søknadsdokumenta ei vurdering etter NML §§ 8-12.

Med helsing

Naturvernforbundet i Ørsta og Volda

Torgeir Parr Dimmen

(lokallagsleiar)

orstavolda@naturvernforbundet.no

tlf. 90618728